

Fra: Vegard Bjørnevik[vegard.bjornevik@kvinnherad.kommune.no]
Sendt: 31.01.2025 14:10:54
Til: Arne.gjerde@outlook.com[Arne.gjerde@outlook.com]
Kopi: KK_Kommunestyret_2023-2027[KK_kommunestyret_2023-2027@kvinnherad.kommune.no]; Post[post@kvinnherad.kommune.no]; Redaksjon Kvinnheringen[redaksjon@kvinnheringen.no]; Post Grenda[post@grenda.no]; Leif Ove Mikkelsen[leif.ove.mikkelsen@kvinnherad.kommune.no]; sturla.vestly@gmail.com[sturla.vestly@gmail.com];
Tittel: SV: Krav til Kvinnherad kommune om erstatning og oppgjør

Svar til Arne Gjerde

Fyrst og fremst vil eg uttrykkje mi djupaste beklaging over at situasjonen har kome til dette punktet, der du har valt å sende kravlista ut på denne måten og varslar søksmål mot kommunen. Eg hadde verkeleg håpa at dei gode samtalanene me har hatt – mellom deg, ordføraren og administrasjonen – kunne leggje grunnlaget for ei løysing på fleire av dei utfordringane du har skildra.

Gjennom dialogen vår har eg oppfatta eit ønske og vilje til å finne konstruktive løysingar, og det faktum at du fleire gonger har utsett å sende kravlista til kommunestyret, tolka eg som eit teikn på at me var på rett veg. Eg hadde von om at desse samtalanene ville føre fram til konkrete løysingar for fleire av dei flotte prosjekta du har arbeidd med på Fatland.

Likevel vil eg sterkt oppmode om at me held fram dialogen for å finne ei løysing utan at situasjonen eskalerer slik krava dine legg opp til. Eg trur framleis at me, gjennom samarbeid og open kommunikasjon, kan kome fram til ei løysing som tener alle paratar.

Eg ser fram til vidare dialog og håpar me kan finne ei løysing saman.

Med helsing

Vegard Bjørnevik Ordførar

Mobil: +47 41465479 | Tlf: 53 48 31 00

www.kvinnherad.kommune.no



Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkiverdig etter arkivlova, vil bli registrert i vår offentlege postjournal.

Til Kvinnherad kommunestyre

Ein førebels versjon av vedlagde brev vart overlevert fysisk til ordførar og kommunedirektør i møte på Fatland den 12.11.2024. Reaksjon på dette har vore purra på av underteikna fleire gonger.

Vedlagde offisielle versjon av brevet vart skriva den 05.01.2025 og skulle sendast ut til alle kommunestyremedlemmene same dagen. Men då ringde kommunedirektøren og inviterte til møte om saka på rådhuset den 16.01.2024, noko som fekk meg til under tvil å venta med å senda det til etter det møtet, i tilfelle det der kunne komma opp noko som førte til endringar.

Herved sender eg ut det brevet som var skriva 05.01.2025. Ver snill og les det snarast, for tida er veldig knapp nå. Eg har allereie innsett at sesongen 2025 går i vasken, på grunn av at kommunen ikkje har reagert.

På møtet var ein del byråkratar samla, pluss ordføraren, pluss undertekna med advokaten sin. Møtet var ikkje avklarande på noko punkt, det hadde eg heller ikkje venta, sidan det jo er byråkratane sine gjerningar som er sette under lupen. I brevet vende eg meg derfor til politikarane, med bønn om ei snarleg og funksjonell løysing på problema, som har tårna seg opp gjennom 19 år.

Beste helsing
Arne Gjerde

Denne eposten går til post@kvinnherad.kommune.no, alle kommunestyrerepresentantar med vara, ordførar, kommunedirektør, advokat Sturla Vestly, og lokalavisene Grenda og Kvinnheringen